Den perfekte svela

Den perfekte svela
Sunnmørspostens Matglede ved Heidi og Gunda har kåra den perfekte svela. Ikkje uventa for oss som stadig har gleden av å kunne nyte den vart vinnaren Borgny Solbakken som har regjert i kantina ved vår skule i mange år. Vi gratulerar så mykje.

Oppskrift på Borgny sine sveler

4 egg

3,5 dl sukker

1 liter skumma kulturmjølk

1/2 ts hjortesalt

1 barneskei natron

1/2 kg kveitemjøl

Visp egg og sukker til tjukk eggedosis. Ha mjølka i ein bolle, og rør inn natron og hjortesalt, med ein ballongvisp. Vend eggedosisen inn i surmjølka. Ha i mjølet forsiktig, litt og litt, og rør med ein stor ballongvisp omtrent som når du lagar sukkerbrød. Steik svelene i ganske varm takke med ein gong røra er ferdig. Smør takka med margarin eller smør på ein bit handklepapir mellom kvar steikerunde.

Den perfekte svela

Faksimile frå Sunnmørsposten 6.5.2006

2006.05.10 21:56
Nei